



Oppgaver ved heimekampar i Saudahallen



Før arrangementsdagen:

- Fordel oppgaver på kampdagen mellom foreldre på laget
- Baking kiosk: Berekn ca. 2 kaker eller brett med lappar per time arrangementet varer.
- Kaffe, juice, brus ol. til kiosken blir handla inn av materialforvaltar.

På arrangementsdagen:

Ved enkeltkampar/mindre arrangement stiller heimelaget med:

- 1 person til sekretariatet (styrer klokka). Representant frå styret stiller som sekretær.
- 1-2 personar til kiosk.
- 1-2 personar til rydding etter arrangementet.
- Oppmodar også til å stille med 1 kampvert. Personen tek på seg NHF sin Fair Play-vest (styremedlemmet som er i sekretariatet skaffar vest. Sjå eiga info om Fair Play-vert.

Ansvarleg for kiosk og sekretariat møter 1 time før kampstart, for å få tid til rigging og slik at publikum kan kjøpe noko før kampstart.

Kampvert møter 30 minutt før arrangementet startar.

Kaker leverast i kiosken før arrangementet startar. Det er lurt å ha 2 foreldre tilgjengeleg for kiosken. Av og til er det roleg og det held med ein i kiosken, men i pause eller rett etter kampslutt kan det bli kø.

Ved fleire kampar kan oppgåvene delast i økter på 2 eller 3 timar.

Rutinar kiosk:

- Ved enkeltkampar kan laget gjerne ha bord til kiosk inne i hallen, ved inngangen.
- Ved større arrangement blir kiosken i foajeen brukt.
- Kok kaffe, set fram kaker/bakst, juice/brus osv. Ved større arrangement der kiosken i foajeen er i bruk kan det også vere aktuelt å koke pølser/ha større utval.
- Set fram stolar/bord i foajeen ved hovudkiosken.
- Betaling skjer via VIPPS til 135019 eller bankkort. Kort-terminal ligg i eit av skapa i kiosken. Det er i tillegg ein kopp med vekslepengar i kiosken om nokon betaler kontant.
- Prisliste heng i kiosken.
- Etter endt kamp skal kiosken ryddast. Vask over kjøkkenbenk og utstyr som er brukt, set alt tilbake der det stod. Hugs å låse kjøleskapet. Alle ting merka med "handball" skal låsast inn i skap merka "handball". Sjøppel tømmast i avfallshuset ved parkeringsplassen utanfor Saudahallen. Tomflasker samlast og setjast i "kottet".

****Rutinar sekretariat/klokke:**** Saudahallen har fått ny resultat-tavle i 2025. Spør styremedlem for opplæring (Ein laminert instruks fulgte med klokke).

Rigging i hallen på arrangementsdagen:

- Før første kamp startar kan kampvert gjerne følgje med ved inngangen til hallen for å ønskje laga velkommen og vise dei til garderobene.
- Trenarar riggar opp mål (hugs nedsenka tverrligger til yngre lag). Ingen under 18 år skal rigge mål på grunn av tryggleik.
- Trenar leverer kampball til sekretariatet.
- Plasser ein sittebenk til kvart lag, ein på kvar side av sekretariatet.
- Under og etter kamp skal tribune, hallområde (inkludert spelargang, spelarbenk og foaje med meir) samt garderobar ryddast. Alt søppel skal samlast opp og kastast i avfallshuset utanfor Saudahallen, ved parkering.
- Sjøppelsekkar og kvite søppelposar ligg under vasken på kjøkkenet. Set i ny pose der det er behov – bytt også søppelposar i garderobar
- Mål skal heisast opp av ein forelder (ingen under 18 år skal heise opp/ned måla på grunn av tryggleik).
- Ved hærverk/skade: Meld frå til styrerepresentant i sekretariatet.
- Avklar med styrerepresentant at alle oppgåver er gjennomførte før du går heim.

Reglar for lag som brukar klister (fom. 15 år)

- I håndball er det tillate å bruke klister for å få eit betre grep om ballen,
- Klister kan brukast av spelarar som er 15 år eller eldre.
- **Klister skal *kun* brukast på banen!**
 - Påførast på fingrane i innbyttersona – aldri i garderoben
 - Fjern klister før du forlet banen – bruk klisterrens
 - Det er ikkje tillate å ha klister på fingrane dersom du skal ned til garderobe eller bevege deg andre stader enn på handballbanen.

Kvar og ein har eit sjølvstendig ansvar for å sørge for at det ikkje blir sølt klister på veggar, golv, rekkverk osv.

Klisterer skal oppbevarast i stativ eller eske som forhindrer søl

Lag skal umiddelbart etter trening og kamp fjerne klister med klister.



Om kamp-vertar/ Fair Play-vertar:

NHF Region SørVest oppmodar alle klubbar til å ha Fair Play-vertar på sine heimekampar.

Hensikta med Fair Play-vertar i hallen er at handballkampar i alle klassar skal gå føre seg i trygge rammer der meistringsglede og Fair Play står i fokus. Den gule Fair Play-trøya skal minne alle på kva verdiar vi står for i norsk handball.

Fair Play-verten sine oppgåver:

Før kamp:

- Ønsk spelarar, trenarar og dommarar velkommen til kamp og oppmod til god stemning og Fair Play. Vis besøkande lag kvar dei finn garderoben.

Under kamp:

- Ver synleg i hall og på tribuneområde.
- Sørg for at alle får ei positiv oppleving. Om det skulle vere nødvendig, ta tak dersom nokon ikkje opptreer som ønska, på eller utanfor banen. Henvis til "Fair Play".
- Ha ekstra merksemd på uønska åtferd mot dommarar.

Etter kampen:

- Dersom det oppstår uønska hendingar som ikkje er foreinleg med Fair Play – meld frå til klubben/klubbstyret og be dei ta saka vidare med regionen dersom det er nødvendig.

